

# Årsrapport 2015



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Alle naturbilete i årsrapporten har motiv frå Vestlandet, i hovudsak frå Sogn og Fjordane. Fotograf er Jostein Vedvik, Førde.  
Alle portrettfoto i årsrapporten er tatt av fotograf Arve Ullebø, Høyanger.

# Innhald

## Del I - Introduksjon

Introduksjon til verksemda .....	4
Organisasjonskart.....	6
Leiargruppa.....	7

## Del II - Oppsummering

Direktøren om 2015 .....	8
--------------------------	---

## Del III - Aktivitetar og resultat

Lotteritilsynet frivilligheit.....	10
Lotteritilsynet pengespel.....	16
Stiftelsestilsynet .....	22
Ny nettside og endra profil .....	28
Viktige digitaliseringstiltak.....	29

## Del IV - Styring og kontroll

Styring og kontroll i verksemda .....	30
Særskilt rapport til departementet .....	32

## Del V - Framtidsutsikter

Vurdering av framtida .....	33
-----------------------------	----

## Del VI - Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar.....	34
Prinsippnote til årsrekneskapen.....	35
Bevilgningsrapport for 2015 .....	36
Artskontorrapport for 2015 .....	38
Notar.....	39

# Introduksjon til verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) er staten sitt forvaltningsorgan på lotteri- og stiftelsesområdet, og er underlagt Kulturdepartementet. LS består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Tilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg i Førde i Sogn og Fjordane.


**Lotteritilsynet** fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela og den private lotterimarknaden. Lotteritilsynet er også tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar dessutan ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige lag og organisasjonar, og refusjon av meirverdiavgift på idrettsanlegg.

**Stiftelsestilsynet** fører tilsyn med og forvaltar norske stiftelsar. I tillegg gjer Stiftelsestilsynet vedtak etter dekningslova og samvirkelova. Stiftelsestilsynet skal jobbe for å skape tillit til stiftelsar som organisasjonsform, og dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet.

**To nasjonale register** blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet. I Lotteri-registeret kan publikum hente informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. I Stiftelsesregisteret ligg informasjon om landets stiftelsar.

### Lotteritilsynet sine oppgåver

I tildelingsbrevet for 2015 var Lotteri- og stiftelsestilsynet sine mål definert slik: Vi skal førebyggje negative konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet i Norge, og ta vare på omsynet til speleavhengige. I tillegg skal vi sikre at inntektene frå pengespel og lotteri går til ideelle formål.



Lotteritilsynet skal også sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for meirverdiavgifts-kompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. Tilsynet har også ansvar for å etablere og drifte ei ny nasjonal plattform for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar.

Lotteritilsynet sine mål er nærare konkretisert slik: Førebyggje negative sosiale konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet, og ta vare på omsynet til speleavhengige ved å:

- Prioritere og gjennomføre tilsyn på den lovlege og ulovlege pengespelmarknaden der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store.
- Førebyggje speleproblem og bidra til å redusere negative sosiale konsekvensar av uheldig speleåtferd.
- Utvikle fagområdet og formidle oppdatert kunnskap om den lovlege og ulovlege pengespel- og lotteri-marknaden.


Lotteritilsynet skal også sikre at inntekter frå pengespel går til samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur ved å:

- Prioritere og gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak for lotteri-området og Grasrotandelen der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store.
- Sikre effektiv sakshandsaming med god kvalitet.
- Utvikle gode kommunikasjons- og samhandlingsrutiner mellom Norsk Tipping, Frivillighetsregisteret, Kulturdepartementet og Lotteritilsynet.

### Stiftelsestilsynet sine oppgåver


Ifølgje tildelingsbrevet skal Stiftelsestilsynet sikre lovleg forvaltning av stiftelsar. Det skal skje ved å:

- Gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak på område der det er stor risiko og store konsekvensar ved misleghald.
- Sikre effektiv sakshandsaming i tråd med gjeldande regelverk.
- Vidareutvikle og drive eit brukarvenleg stiftelsesregister med høg registerkvalitet.
- Gjennomføre informasjonsarbeid og tiltak for å auke kunnskapen om stiftelsar som organisasjonsform og om regelverket.



**Samarbeidsorgan og fora Lotteri- og stiftelsestilsynet deltek i:**

- Lokalt: IT-Forum Sogn og Fjordane, Framtidsfylket
- Nasjonalt: Brønnøysundregistrene, politiet, Medietilsynet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- Internasjonalt: Nordiske styresmakter på pengespel og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC



**Tabell 1: Utvalde volumtal**

Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde. Tala er nærare kommentert i del III.

	2013	2014	2015
Tal godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 256	5 285	5 412
Tal organisasjonar med inntekter frå bingo	3 604	3 657	3 682
Tal registrerte stiftelsar	7 438	7 311	7 139
Tal næringsdrivande stiftelsar	873	843	863
Tal søknader momskompensasjon til frivillige organisasjonar	1 079	1 189	1 351
Tal søknader momskompensasjon idrettsanlegg	246	324	461
Tal journalførte saker i tilsynet samla	29 783	30 198	30 803
Tal unike besøkande tilsynet sine nettsider	71 856	92 110	90 186
Tal anrop til Hjelpelinja for speleavhengige	1 088	933	847

**Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen**

Tabellen syner nøkkeltal basert på informasjon frå del IV Årsrekneskapen.

	2013	2014	2015
Tal årsverk	64	62	61
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 080 044 000	1 383 539 000	1 482 230 675
Driftsutgifter rekneskapsført	74 409 945	74 447 715	74 536 262
Lønsdel av driftsutgifter (prosent)	59,2	60,2	57,8
Løn og sosiale utgifter per årsverk	688 264	722 758	705 928
Samla inntekt rekneskapsført	81 877 053	91 264 377	87 916 350

## Leiargruppa



**Atle Hamar** er direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Han vart direktør i Lotteritilsynet ved etableringa i 2001, og i begge fagtilsyna då Stiftelsestilsynet vart samlokalisert med Lotteritilsynet i 2005.

Atle var tidlegare distriktsarbeidssjef i Indre Sunnfjord, og hadde også ei politisk karriere mellom anna som statssekretær i Justisdepartementet og politisk rådgivar i Samferdsledepartementet under regjeringa Bondevik I. Atle er utdanna

adjunkt ved Lærarhøgskulen i Sogndal, og har også teke grunnfag i historie ved Distrikthøgskulen i Sogn og Fjordane. Han er fødd i 1963 og kjem frå Jølster.



**Kåre Eide** har vore fagdirektør for IT-utvikling i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan 2010. Kåre vart tilsett i tilsynet i 2001, same året som Lotteritilsynet vart oppretta.

Han er utdanna sivilingeniør ved NTNU. Kåre er fødd i 1973, og kjem frå Førde.



**Anne Mette Hjelle** har vore kommunikasjonsdirektør i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan januar 2011. Anne Mette har 20 års erfaring som journalist i ulike aviser og NRK, og har vore kommunikasjonsrådgjevar med eige selskap. Ho har studert ved Universitetet i Oslo, American University i Paris og Handelshøgskolen BI, m.a. masterprogram i digital kommunikasjonsleiing. Anne Mette er fødd i 1963 og kjem frå Breim.



**Bjørn Morten Øen** vart tilsett som avdelingsdirektør administrasjon i mai 2013, og er NK i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Bjørn Morten er utdanna spesialsjukepleiar, og har 20 års leiarerfaring frå spesialisthelsetenesta. I tillegg har han organisasjon og leiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Han har gjennomført nasjonalt toppleiarprogram via spesialisthelsetenesta. Bjørn Morten er fødd i 1963, og kjem frå Sandane.



**Linda Vøllestad Westbye** har vore tilsett i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan juni 2009. Ho vart avdelingsdirektør i Lotteritilsynet pengespel i juni 2014 då Lotteritilsynet vart delt i to avdelingar.

Linda har master i sosialantropologi. Før ho kom til tilsynet jobba ho i Landsforeningen for Trafikkskadde og ved Universitetet i Bergen. Linda er fødd i 1979, og kjem frå Drangedal.



**Elna Berge** er avdelingsdirektør i Lotteritilsynet frivilligheit etter at Lotteritilsynet vart delt i 2014. Ho har vore tilsett sidan mai 2001, då som leiar for juridisk avdeling i Lotteritilsynet. Elna er cand. jur. frå UiO, og har grunnfag i coaching og relasjonsleiing fra HiOA. Ho har erfaring som underdirektør i Oslo kretsfengsel. Til tilsynet kom Elna frå stillinga som politiinspektør i Fjordane politidistrikt. Elna er fødd i 1956, og kjem frå Selje.



**Siw Heggedal Longvåstøl** vart tilsett som avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet i oktober 2015. Før ho kom til tilsynet jobba ho siste åra som diplomat og leiar for Innovasjon Norge sitt kontor i Sør-Afrika. Siw har mange års erfaring frå næringsutvikling, entreprenørskap og offentleg forvaltning. Siw har cand.mag. grad frå Høgskulane i Møre og Romsdal innan planlegging og økonomi. Ho er fødd i 1962, og kjem frå Volda.

# 15 år og betre rusta enn nokon gong

Vi har no drive nasjonalt tilsyn frå Førde i 15 år. Lotteritilsynet vart etablert i 2001, og fire år seinare kom Stiftelsestilsynet til. Staben vår i Lotteri- og stiftelsestilsynet er etter mitt syn betre rusta enn nokon gong til å gjere ein god jobb på dei viktige fagfelta vi skal føre tilsyn med.

Den norske pengespelmarknaden var i 2015 utsett for det eg vil kalle ein offensiv frå utanlandske spelselskap utan løyve til å tilby pengespel her i landet. Dette merka vi både gjennom TV-reklame sendt frå utlandet, i sosiale kanalar og på Internett.

Trykket mot norske spelarar er særleg stort gjennom norske TV-kanalar som sender frå utlandet. Basert på tal vi innhenta dei føregåande åra, er det grunn til å rekne med at utanlandske spelselskap i fjor brukte nærare ein halv milliard kroner på ulovleg pengespelreklame retta mot nordmenn frå utlandet.

## Justerer tapstala opp

Lotteritilsynet har no justert opp sine estimat over kor mykje nordmenn taper på utanlandske nettspel. Vi meiner talet for 2015 låg på mellom 1,3 og 1,6 milliardar kroner. Om det kan vere ei trøyst, så ser talet på spelarar derimot ut til å vere relativt stabilt.

Norske styresmakter lykkast mot slutten av 2015 å stoppe delar av denne ulovlege reklamen. Kulturdepartementet bad Medietilsynet og Lotteritilsynet om å setje i verk ein av prosedyrane i AMT-direktivet. Målet var å prøve ut dei juridiske moglegheitene vi har for å stoppe ulovleg marknadsføring retta mot Norge.

Dette er ein prosess som held fram i 2016. Men det var gledeleg at Spania, som eitt av tre sendeland, bestemte at ulovleg spelreklame skulle ut av dei to kanalane som sender derfrå.



## Kampfiksing på agendaen

2015 markerte startskotet for norske styremakter si satsing på å førebyggje og avdekke manipulasjon med idrettsresultat – kampfiksing. Lotteritilsynet fekk i oppdrag frå Kulturdepartementet å byggje opp ei ny eining med to stillingar. Etter grundig forarbeid, for å finne rett kompetanse og organisering, er arbeidet no i gang. Vi er spente på kva som blir resultatet av dette arbeidet over tid.

Med Lotteritilsynet til stades vart den første lovlege norske meisterskapen i poker på norsk jord avvikla gjennom fem regionale turneringar og med hovudmeisterskapen på Gardermoen. Dette ser ut til å bli blant dei største pokerturningane i verda. Ikkje desto mindre er det gledeleg å slå fast at arrangementet vart gjennomført på ein trygg og svært profesjonell måte.

## Færre og større stiftelsar

På stiftelsesområdet held ein langsiktig trend fram: Talet på norske stiftelsar går nedover, medan dei gjennomgåande blir større. Vi snakkar ikkje om dramatiske endringar. I fjor gjekk talet ned med 170 slik at det ved årsskiftet var 7139 stiftelsar, av dei 863 næringsdrivande.



Samla bokført eigenkapital går andre vegen – jamt og trutt oppover. I 2014 passerte vi 146 milliardar kroner, nærare ti milliardar opp frå året før. Vi ventar at utviklinga vil halde fram, og at den etter kvart kan bli forsterka ved at stadig fleire ser seg tente med å bruke stiftelsesforma som framtidig eigarform for større formuar.

2007 var det første året vi hadde full oversikt over talet på norske stiftelsar etter at tilsyn og forvaltning vart overført frå Fylkesmannen. Då var talet på stiftelsar 8800. Vi har med andre ord hatt ein nedgang på 1500 stiftelsar sidan den gongen, ved at mange små er avvikla og andre slegne saman.

Vi kunne elles i fjor presentere ei vesentleg betre utgåve av Stiftelsesregisteret som er eit svært viktig verktøy i det daglege arbeidet vårt. Med ein ny publikumsdel på plass, er registeret nyttig for alle som søker informasjon og kunnskap i den mangfaldige verda som norske stiftelsar er.

### Utviklar tilsynsarbeidet

Både i Lotteritilsynet og i Stiftelsestilsynet utviklar vi heile tida tilsynsarbeidet vårt. I botnen ligg ein godt innarbeidd tilsynsmetodikk og ein prosjektmetodikk. I tillegg legg vi stadig meir vekt på vurderingar av risiko og vesentlegheit i tilsynsarbeidet. Dei siste åra har Stiftelsestilsynet utvikla førebyggjande tilsyn gjennomført som prosjekt. Dette er med og utviklar tilsynsarbeidet, og vi meiner denne typen tilsyn er langt meir effektivt enn eit meir passivt tilsyn.

### Stadig viktigare møtestad

Stiftelsestilsynet var vertskap for Stiftelseskonferansen 2015, som samla mange sentrale filantropar og stiftelsesfolk. Det skulle vere nok å nemne namn som Olav Thon, Jens P. Heyerdahl og Trond Mohn. Tilstrøyminga var rekordstor, og tilbakemeldingane frå deltakarane viser at stiftelseskonferansen blir ein stadig viktigare møtestad for alle som er opptekne av sentrale spørsmål knytt til stiftelsar.

### Vi har nøgde brukarar

Vi kan heller ikkje klage på tilbakemeldingane vi fekk på ei stor brukarundersøking i fjor – den tredje i rekkja. Resultatet var oppløftande for oss som prøver å gjere vårt beste for alle våre store og samansette brukargrupper. Mange av brukarane har tillit til arbeidet Lotteri- og stiftelsestilsynet gjer, og vi scorar høgast på område som god service, informasjon om rettar og plikter og klart og tydeleg språk – for å nemne noko.

Slike tilbakemeldingar er inspirerande, men dei er også forpliktande ved at vi må følgje dei opp. Den utfordringa tek vi.

### Store summar til frivillig sektor

Vi har nærkontakt med svært mange av våre brukarar gjennom dei store tilskotsordningane vi forvaltar. Kvar jul kan til dømes tillitsvalde i over 20 000 store og små lag og organisasjonar glede seg over momskompensasjon som kjem inn på konto. Mange idrettslag får i tillegg refundert momskostnader i samband med bygging av nye idrettsanlegg. Tilsaman fordelte vi i 2015 nærare to milliardar frå rammene for momskompensasjon og frå overskotet i Norsk Tipping.

### 15 år med Førde som base

Lotteritilsynet var i 2001 det første tilsynet som vart lagt til det som gjerne blir kalla for eit distriktsfylke. Ein del var skeptiske til om dette var rett plassering. Difor er det ekstra gledeleg, når vi no har lagt bak oss dei første 15 åra, å kunne slå fast det har vore problemfritt å drive eit statleg tilsyn med base i Sogn og Fjordane.

Førde, februar 2016



Atle Hamar  
direktør

Lotteri- og stiftelsestilsynet

«Både i Lotteritilsynet og  
Stiftelsestilsynet utviklar vi  
heile tida tilsynsarbeidet»



# 5400 godkjende organisasjonar i lotterimarknaden

Alle foreiningar som skal ha større lotteri, motta overskot frå bingo eller spel på skip, må vere godkjende som lotteriverdig organisasjon. Vi godkjende 238 nye organisasjonar og foreiningar i 2015, og ved utgangen av året var det 5412 godkjende organisasjonar i Lotteriregisteret.

Det var klart flest organisasjonar i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar. Ca. 60 prosent av alle nye organisasjonar var i desse kategoriane.

## Nye entreprenørar

12 entreprenørar fekk autorisasjon i 2015. Dette er aktørar som driv lotteriverksemd på vegner av godkjende lotteriverdige organisasjonar. Seks av desse var knytt opp til dei nye lotterikonseptane etter § 7 i forskrift til lov om lotterier. Eitt løyve vart gitt til aktøren som arrangerte NM i poker, og resten til bingoarrangørar. Dette er ein stor auke i frå 2014 då berre ein ny entreprenør vart godkjend.

## Bingo med entreprenør

Lotteritilsynet gav 238 løyve til bingohallar som vart operert av entreprenør i 2015. Dette er bingoar som blir drivne av ein profesjonell aktør, der godkjende organisasjonar skal ha delar av overskotet frå bingospela.

Nokre av hallane har fått fleire løyve i løpet av året, slik at talet på hallar var rundt 230. Desse løyva gav inntekter til 3387 organisasjonar. Talet på bingohallar og organisasjonar som får inntekt frå bingo er stabilt.

## Foreiningsbingo

Vi gav løyve til foreiningsbingo for 295 organisasjonar i 2015. Foreiningsbingo er bingo som blir arrangert av den lotteriverdige organisasjonen som får overskotet frå bingoverksemda.

67 av desse løyva vart gitt til bingo i lokal-radio eller lokal-tv. Her er formålet den einskilde kanalen som sender. Det var ein liten nedgang i talet på foreiningsbingoar frå 2014.

## Nye lotterikonsept

Lotteritilsynet handsama åtte søknader om løyve til lotteri etter lotteriforskrifta § 7 i 2015. Dette var ein ny lotterikategori i 2015 med strenge vilkår, og med eit omsetningstak på 300 millionar kroner i året. Av desse søknadene fekk to vedtak om at dei tilfredstilte vilkåra som var stilt ved søknadstidspunktet. Seks av søknadene fekk avslag. Lotteritilsynet kan gi fem løyve som går over ni år.

## Landslotteri

Lotteritilsynet gav løyve til 123 lotteri med omsetning mellom 200 000 kroner og 100 millionar kroner i 2015. Dette er tradisjonelle lotteri med trekning før eller etter loddsalet. Det har vore ein nedgang i tradisjonelle landslotteri og regionale lotteri dei siste åra.

## Meldingslotteri

Dette er tradisjonelle lotteri der årleg omsetning er under 200 000 kroner. Arrangør av denne type lotteri treng ikkje vere godkjend som lotteriverdig organisasjon, og det er tilstrekkeleg å melde inn lotteriet til Lotteritilsynet på eit eige elektronisk meldeskjema 14 dagar før det skal arrangerast.

2363 organisasjonar har meldt inn til oss, og fått aksept for, meldingslotteri i 2015. Lotteritilsynet skal også motta ein rekneskapsrapport frå desse organisasjonane i etterkant av lotteriet.





## Omfattande kontrollarbeid

Lotteritilsynet gjennomførte 22 kontrollar i bingohallar i 2015. Bingolokale vart plukka ut etter ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Kontrollnivået her er om lag det same som det har vore dei siste åra. Det same gjeld talet på avvik, og avvika varierer mykje. Det er alt frå mindre formalfeil til bingospel utan løyve.

Lotteritilsynet gjennomfører tilsyn med bingo både gjennom innsende dokument og eksterne kontrollar i bingohallane. Målet med tilsynet er at organisasjonane skal få sin rettmessige del av overskotet, og at bingospelet skjer i tråd med regelverket. Rekneskapskontrollane er den mest omfattande kontrollen vi gjer. Alle entreprenørane må sende inn bingorekneskap til Lotteritilsynet fire gonger årleg.

Lotteritilsynet kontrollerte rekneskapa til 230 bingohallar i 2015. Det var ein del oppfølging med nokre hallar, og med unntak av ein aktør, så leverte alle inn sin rekneskap.



### Lotterigodkjende organisasjonar

Lotteritilsynet gjennomførte kontrollar med 25 lotteriverdige organisasjonar i 2015, og tre av desse organisasjonane fekk godkjenninga si tilbakekalla. Det blir her kontrollert om organisasjonane framleis fyller krava til å vere lotteriverdig, og om dei nyttar lotterimidlane på rett måte. Alle godkjente lotteriverdige organisasjonar må kvart år innan 1. juni sende oss ein enkel rekneskapsrapport. Vel 80 prosent av organisasjonane nytta elektronisk innsending av skjemaet. I 2015 var det 126 organisasjonar som mista godkjenninga si på grunn av manglande innsending av denne rapporten, mot 203 organisasjonar i 2014.

### Tilsyn med grasrotordninga

I 2015 mottok 25 444 organisasjonar i alt 394,8 millionar kroner frå ordninga med Grasrotandelen i Norsk Tipping. Lotteritilsynet har frå januar 2013 ført tilsyn med at organisasjonane har rett til å ta mot grasrotmidlar, og at midlane blir brukt til lokalt og regionalt frivillig arbeid.

Utvalet av organisasjonar som det er ført tilsyn med i 2015, er i hovudsak basert på vurderingar av risiko og vesentlegheit i tillegg til mottekne tips. Det er også lagt vekt på å bruke kunnskap vi har om organisasjonane frå momsordninga og lotterigodkjende organisasjonar.

Det vart opna tilsyn med 62 organisasjonar i 2015. Av dei tilsyna som no er ferdig handsama, er 18 framleis registrerte som mottakarar, medan 18 anten er utestengde eller dei har fått varsel om utestenging.

## Det skjer i 2016

- I tildelingsbrevet for 2016 er vi bedt om å hjelpe departementet i arbeidet med større digitaliseringsprosjekt på frivillig- og idrettsområdet.
- I 2016 skal vi starte arbeidet med å lage eit nytt fagsystem for sakshandsaming av tilskot, herunder fordeling av momskompensasjon og den delen av overskotet til Norsk Tipping som går til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.
- Vi skal medverke til Kulturdepartementet sitt arbeid med ei stortingsmelding på lotteri- og pengespelfeltet.
- Lotteritilsynet skal komme med innspel til ny forskrift om fordeling av 18 prosent av overskotet frå Norsk Tipping.
- I august 2016 er det Lotteritilsynet sin tur til å arrangere nordisk møte for i tilsyna på pengespelfeltet i Norden.



## Store summer i tilskotsordningane

I 2015 gjekk totalt 636 millionar kroner av overskotet til Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Tilskot til organisasjonar som tidlegare hadde automatinntekter, vart utbetalt med til saman 559,7 millionar kroner.

Gruppa 10 H med store humanitære organisasjonar fekk utbetalt 511 millionar kroner. Vel 48 millionar vart utbetalt til 403 andre organisasjonar. Tilskotet er basert på kor mykje automatinntekter dei hadde i 2001.

### Tilskot til andre organisasjonar

I 2014 fekk vi ei forskriftsending når det gjeld fordeling av overskotet til Norsk Tipping, som rettar seg mot samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001. Dei må også vere lotteriverdige, dei må vere registrert i ein av fire definerte kategoriar i Frivillighetsregisteret, vere landsdekkjande, og tilskotet må følgje EØS sine reglar for statsstøtte.

Det var 58 søkjarar i 2015, og 26 vart godkjende og fekk utbetalt 76,8 millionar kroner. Av 32 avslag skuldast 15 saker at dei ikkje var registrerte i ein

av dei definerte ICNPO-kategoriene, fire hadde motteke automatinntekter i 2001, to var ikkje lotteriverdige 1. januar 2015, og seks vart ikkje vurdert som landsdekkjande.


Dagens regelverk er ei mellombels ordning som skal gjelde til og med 2017. Kva for organisasjonar som deretter skal komme inn under ordninga, og kor mykje pengar som vert utdelt, vil avhenge av innhaldet i nytt regelverk, forutan utviklinga når det gjeld overskotet frå Norsk Tipping.

### Momskompensasjon – generell ordning


Ordninga med momskompensasjon er etter kvart godt innarbeidd, og sjølve søknadsprosessen var det lite spørsmål om. Framleis er det likevel ein del spørsmål knytt til vurderingar av søknadsdata.

I tillegg til reine avslag reduserte Lotteritilsynet ein del av søknadssummane som i hovudsak galdt skjønsmessige vurderingar av storleiken på frådragspostar.

Momskompensasjon generell ordning i millionar



Talet på søknader momskompensasjon generell ordning





Det var 1351 søkjarar som søkte om 1,597 milliardar kroner. 1177 søknader vart godkjende og fekk utbetalt 1,222 milliardar kroner etter ei avkorting på 21,7 prosent. 173 søknader fekk avslag.


Avslaga fordeler seg slik	
Manglar ved søknaden	22
Manglande registrering i Frivillighetsregisteret	18
Søkt etter søknadsfristen	16
Søknadsbeløp under minstegrense	13
Organisasjonen var ikkje i målgruppa	8
For sterk næringsstilknytning	4
For lite frivillig innsats	3
For sterk tilknytning til det offentlege	2
Underledd søkte direkte til Lotteritilsynet	87

### Momskompensasjon – idrettsmoms


Vi mottok i alt 451 søknadar med ein søknadssum på 191,7 millionar kroner på dette området. Godkjende søknader hadde ein samla søknadssum på 171,9 millionar, og desse fekk, etter ei avkorting på 28 prosent, utbetalt 123,8 millionar kroner. 44 søknadar vart avslegne. Dette skuldast at 14 søknader mangla revisorattest, ti hadde søknadsbeløp under minstegrensa, seks hadde ikkje rett søknadsobjekt og 14 hadde andre manglar ved søknaden.

Det er lite skjøn knytt til sakshandsaminga, men det er framleis ein god del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging under sakshandsaminga. I desember 2015 vart det gjort ei ekstraløyving til ordninga på 48,1 millionar kroner. Resultatet var at dei godkjende søknadene fekk utbetalt 100 prosent av søknadssummen.

Søknader idrettsmoms i millionar



Talet på søkjarar idrettsmoms





# Milepælar og store jobbar i 2015

2015 var det første året med nytt Lotteriregister utvikla av tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet, og erfaringane har vore svært gode. Dette er eit fagsystem som gir sakshandsamarane betre oversikt over sakene, det er stor grad av gjenbruk av data, og registeret gir oss gode rapportar.

På lotteriområdet har vi no fått på plass e-skjema for dei fleste område, slik at brukarane våre kan søkje og rapportere elektronisk.

## Arbeid med nye lotterikonsept


I 2015 opna regjeringa for løyve til fem nye lotteri med omsetning inntil 300 millionar kroner per år. Det vart lagt ned mykje arbeid i utforming av tekniske krav, informasjon på heimesida vår, og vi hadde eit ope informasjonsmøte i mai. Handsaming av søknadene er omtalt i kapitlet om forvaltning i 2015.

## Automatisk sakshandsaming

Som ledd i arbeidet med å forenkle og effektivisere forvaltninga av ordninga med momskompensasjon, vart søknadene med lågast risiko sakshandsama automatisk. Det vart her lagt til grunn ei rekkje kriteria: Lågt søknadsbeløp, liten endring i søknadsbeløp samanlikna med fjoråret, og låg risiko på andre registrerte risikoelement. Vel 200 søknader kom inn under denne kategorien. Ut frå erfaringar frå 2015 vil vi halde fram med å vidareutvikle denne forenkla forma for sakshandsaming.

## Forenkla moms-modell

I løpet av 2015 har vi gitt innspel til departementet i arbeidet med vurdering av forenkla modell for momsordninga. Hovudsakleg har bistanden gått ut på fagleg arbeid knytt til undersøkinga av inntekts- og kostnadsstrukturar blant dei organisasjonane som søker momskompensasjon etter forenkla modell, og konsekvensar ved eventuelle endringar.





## Trender og fakta

Den tildelte ramma for momskompensasjon til frivillige organisasjonar har auka kraftig, noko som truleg har redusert trongen for lotteriinntekter.


### Lotteriområdet

Vi har sett ein nedgang i omsetninga på tradisjonelle bingospel, men utplassering av Belago-terminalar frå Norsk Tipping i dei fleste bingohallar har ført til at formåla sin del ikkje har minka tilsvarende.

### Moms


Her har vi opplevt ein stadig auke i talet på søknader og talet på organisasjonar som nyt godt av ordninga. Dette er i samsvar med føremålet med ordninga, nemleg at desse midlane skal nå ut til stadig fleire i frivillig sektor.

Momskompensasjon 2010 - 2015						
Søknadsår	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal søkjarar	869	880	907	1 079	1 189	1 351
Tildelt/ramme (NOK1 000)	397 860	597 409	619 583	940 966	1 191 554	1 222 201
Søknadssum (NOK1 000)	1 279 619	1 214 978	1 306 265	1 422 920	1 484 043	1 597 299
Godkjent søknadssum (NOK1 000)	1 138 643	1 173 532	1 267 446	1 346 466	1 435 692	1 561 339
Avkorting i %	65,5 %	49,1 %	51,1 %	30,1 %	17,0 %	21,7 %



## Fleire tilsyn med den ulovlege marknaden

Lotteritilsynet gjennomførte i 2015 fleire tilsyn med den ulovlege lotteri- og pengespelmarknaden, både på bakgrunn av mottekne tips og egne kontrollar. Tilsyna vart gjennomført etter ei risikovurdering der vi prioriterte å avdekkje og reagere mot ulovlege tilhøve der konsekvensane for brot på regelverket var store, og der tilsyn ville gi størst effekt.



Målet med tilsyn i den ulovlege lotteri- og pengespelmarknaden, er å stoppe ulovleg tilbod, marknadsføring og formidling av lotteri og pengespel, og å sikre at aktørane i marknaden følgjer lover, regler og vedtak. Dette gjer vi både gjennom informasjonsretta verksemd, dialog med aktørane og ved å reagere mot ulovlege tilhøve på området.

### Ulovleg reklame for pengespel på TV

Ulovleg reklame for pengespel på norske TV-kanalar som sender frå utlandet, var ei av fleire store tilsynssaker i 2015. Tilsynet vart gjennomført i samarbeid med Medietilsynet etter oppdrag frå Kulturdepartementet. Vi oppnådde delvis gjennomslag for vårt krav, og fekk stoppa to TV-kanalar frå å sende ulovleg reklame for utanlandske pengespel. Dette utgjorde om lag 15 prosent av den ulovlege marknadsføringa av lotteri og pengespel i TV-kanalar som sender frå andre land (sjå eigen artikkel).

### Ulovleg formidling av betaling

I 2015 sette vi også i gang tilsyn med ulovleg formidling av betaling av innskot og gevinst til lotteri og pengespel som ikkje har løyve i Norge. Her vart omfanget kartlagt, og vi informerte norske bankar og finansinstitusjonar om tredjepartsselskap som driv formidling av betaling av innskot til ulovlege utanlandske pengespel på Internett (sjå eigen artikkel).

### Andre tilsyn gav resultat

I 2015 reagerte vi også mot aktørar som driv ulovleg marknadsføring og formidling av lotteri og pengespel på Internett, i trykte medium og i det offentlege rom. Utgangspunktet var både tips og egne kontrollar. Gjennom slike tilsyn fikk vi stoppa ulovlege kasinoportalar på nettet, og vi fekk fjerna annonsar med ulovleg pengespelreklame i trykte medium og i nettutgåver i norske aviser. Gjennom informasjonsretta verksemd fekk vi også hindra at aktørar braut regelverket på TV, Internett, i trykte medium og i det offentlege rom. I 2015 fekk Lotteritilsynet også mange tips om ulovlege pokerklubbar. Fleire av desse vart sende til politiet for vidare oppfølging. Vi deltok også i ein koordinert aksjon mot ein ulovleg pokerklubb i Bergen.

### Manglar lovheimlar

Det vart ikkje prioritert å reagere mot ulovlege lotteri og pengespel som blir tilbydd på Internett frå utanlandske speleselskap. Vi har ikkje lovheimlar til å følgje opp forbodsvedtak mot desse i utlandet. Sentrale utanlandske pengespelselskap er likevel gjort kjende med at dei bryt norsk lov gjennom brev vi sende dei hausten 2014.



## Profesjonelt og trygt poker-NM

I november 2015 vart den første lovlege norske meisterskapen i turneringspoker gjennomført på norsk jord. Lotteritilsynet var ansvarleg for tildeling av løyvet, og gjennomførte tilsyn av arrangementet.

Lotteritilsynet konkluderte med at NM i poker vart gjennomført i profesjonelle og trygge rammer, som gjorde meisterskapen til eit vellykka arrangement for alle involverte.

Løyvet til å gjennomføre NM i poker for 2015-2017 vart etter loddtrekning tildelt Blodkreftforeningen, med Global Poker Tours Limited som ansvarleg entreprenør. Poker-NM vart gjennomført utover hausten med fem kvalifiseringsturneringar i store byar med hovudmeisterskapen på Gardermoen.

### Over 3300 spelarar deltok

Talet på deltakarar viste at det var stor interesse for arrangementet. Ifølgje tal

frå entreprenøren deltok 3332 unike spelarar. I den avsluttande hovudturneringa på Gardermoen vart det registrert 1974 spelarar. Dei to andre turneringane under hovudmeisterskapen hadde 324 og 1304 deltakarar.



NM i poker skal etter våre opplysningar vere mellom dei største nasjonale pokermeisterskap i verda, målt i talet på deltakarar. Minimum fem prosent av det samla innskotet frå spelarane skal gå til Blodkreftforeningen. Førrelse opplysningar viser at foreninga vil få i underkant av 800 000 kroner frå poker-NM 2015.

Lotteritilsynet hadde både før og under arrangementet god dialog med entreprenøren og Blodkreftforeningen. Det vart ført tilsyn både under kvalifiseringsturnering og hovudmeisterskapen.

*Her ser vi direktør Atle Hamar i TV-intervju i samband med poker-NM.*

## Tilsynet med statlege pengespel

Lotteritilsynet gjennomførte seks revisjonsbaserte tilsyn mot speloperatørane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto i 2015. Val av tilsynsområde skjer etter ei årleg vurdering av risiko og vesentlegheit.

Spelarane sine rettar når dei spelar var ein viktig faktor ved val av tilsynsområde i 2015.

Våre tilsyn med Norsk Tipping viser at selskapet har etablert gode kontrollar for å sikre spelarane sine rettar når dei deltek i sportsspel og internasjonale spel som VikingLotto og Eurojackpot. Tilsyn med Norsk Tipping sin etablerte transaksjonskontroll for spela Multix og Extra, viste at selskapet har etablerte kontrollar for å avdekke brot på spelereglene i dei respektive spela.

### Nye retningslinjer

Nye retningslinjer for marknadsføring av statlege pengespel vart vedtekne i november 2014. For å styrke vernet av sårbare spelarar, blir det stilt strengare krav til marknadsføring av pengespel og totalisatorspel enn andre produkt. Tilsyn med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto stadfester at begge selskap har etablert interne og eksterne kontrollaktivitetar for å ivareta krav frå styresmaktene knytt til betalt marknadskommunikasjon.

Tilsyn viste likevel at ingen av selskapa hadde etablert tilstrekkelege kontrollar for å sikre at krav til ikkje-betalt marknadskommunikasjon blir følgde i eigne

digitale flater, og hos selskapa sine samarbeidspartnarar.

### Avvik og merknader

Dei revisjonsbaserte tilsyna har til saman avdekket 11 avvik, og har gitt 12 merknader. Selskapa har utarbeidd planar for oppfølging av dei identifiserte avvika og merknadene. Tilsynsrapportane er tilgjengelige på [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no).

Lotteritilsynet uttaler seg til Kulturdepartementet ved endringar i eksisterande spelereglar og nye spel, og handsama klager frå spelselskapa sine kundar. I 2015 vart det levert ti uttaler, og det vart handsama ni klager.



## Stoppa 15 prosent ulovleg spelereklame

I februar 2015 gav Kulturdepartementet Medietilsynet og Lotteritilsynet i oppdrag å kartleggje og vurdere TV-reklame for pengespel sendt frå utlandet. Ved brot på det norske forbodet mot ulovleg reklame, skulle Medietilsynet setje i verk konsultasjonsprosedyren etter AMT-direktivet (Direktivet for audiovisuelle medietenester).



Arbeidet var retta mot 12 TV-kanalar som sender pengespelreklame frå tre andre land. Ved årsskiftet var det klart at to av desse kanalane slutta å sende pengespelreklame retta mot den norske marknaden.

### 24 timars kontroll

Som første etappe gjennomførte Medietilsynet og Lotteritilsynet våren 2015 kontroll av 12 fjernsynskanalar som var etablert i utlandet, og som hadde sendingar med pengespelreklame retta mot nordmenn. Vi kontrollerte sendinga i 24 timar i kvar ein skild fjernsynskanal. Kontrollen viste at det vart sendt 1457 reklameinnslag for pengespel fordelt på dei 12 kanalane i løpet av eit døgn. Lotteritilsynet vurderte alle desse reklameinnsloga som brot på forbodet mot marknadsføring i den norske pengespellovgevinga.

I september sende Medietilsynet og Lotteritilsynet brev til mediestyresmaktene i Storbritannia, Nederland og Spania i samsvar med prosedyrane i AMT-direktivet. I breva vart ansvarlege styresmakter i sendelanda oppmoda om å kontakte TV-selskapa i deira jurisdiksjon med sikte på å få stoppa den ulovlege TV-reklamen.

### Kanalane svarte nei


Mediestyresmaktene i Storbritannia svarte i brev i november at dei hadde kontakta dei aktuelle TV-selskapa for å spørje om selskapa innrettar sine sendingar i samsvar med det norske regelverket for lotteri og pengespel. Fjernsynskanalane gav i sine

tilbakemeldingar til mediestyresmaktene uttrykk for at dei ikkje ønskte å respektere norsk lov på området. Dei ville såleis ikkje stoppe pengespelreklamen retta mot nordmenn.

Spania svarte at dei to fjernsynskanalane som var etablert i landet hadde valt å stoppe pengespelreklame som vart sendt i strid med norsk lov. Pengespelreklamen på desse kanalane utgjorde ca. 15 prosent av den totale marknaden for pengespelreklame sendt frå fjernsynskanalar etablert i utlandet.

Nederland er ansvarlig for éin av dei 12 kanalane. Som følgje av endringar i eigarskap og namn på fjernsynskanalen, hadde vi ved årsskiftet ikkje fått endeleg svar frå Nederland.

Arbeidet med å stoppe ulovleg TV-reklame frå utlandet vil bli vidareført i 2016.



# Ny kunnskap om betalingsformidling

Lotteritilsynet har i 2015 jobba med å få eit meir effektivt forbod mot betalingsformidling frå norske finansinstitusjonar til pengespel utan løyve i Norge.

Forbodet går i hovudsak ut på at bankane skal stoppe transaksjonar med betalingskort, for eksempel med VISA og Mastercard, mellom norske spelarar og utanlandske pengespelselskap. Det skjer ved at betalingar som har brukarstadkode for pengespel blir stoppa.

Utanlandske pengespelselskap brukar i stor grad tredjepartsselskap med annan kode enn for pengespel. Det har ført til at

nordmenn sin tilgang til utanlandske pengespel på nett er tilnærma uavgrensa, trass i forbodet mot formidling av betalinga.

## Informasjon om oppfølging

Lotteritilsynet har gjort alle finansinstitusjonane merksame på ein del av dei tredjepartsselskapa som formidlar innskot til pengespel, og vi har fått tilbakemelding på korleis denne informasjonen om

selskapa blir følgt opp. Informasjonen vi har om selskapa er blant anna innhenta ved korrespondanse med selskapa, testspeling, møte med bankaktørar og informasjon frå valutaregisteret.

Gjennom arbeidet har vi fått mykje ny kunnskap om korleis finansinstitusjonane følgjer opp forbodet mot å formidle betaling, og kva for utfordringar dei har. Arbeidet held fram i 2016.





## Store jobbar som vart gjort i 2015



### Utgreiing av konsekvensar av lisensiering

Våren 2015 overleverte Lotteritilsynet ein omfattande rapport til Kulturdepartementet der vi samanlikna dei sosialpolitiske og kriminalpolitiske konsekvensane for ulike måtar å regulere den norske pengespelmarknaden på. Rapporten vart send på høyring med frist 1. desember 2015, og gjekk ut saman med rapporten som tok for seg dei økonomiske konsekvensane for tilsvarande reguleringar (Rambøll- rapporten).

### Oppretta ny eining mot kampfiksing

Norge signerte i 2014 Europarådet sin konvensjon om manipulering av idrettskonkurransar. Konvensjonen krev at kvart land etablerer ei nasjonal plattform som skal ha ansvar for å koordinere arbeidet mot kampfiksing, og Kulturdepartementet gav våren 2015 Lotteritilsynet i oppdrag å etablere ei slik eining med to årsverk. Eininga var operativ frå januar 2016.

### Ny handlingsplan mot speleproblem

Lotteritilsynet leverte i september eit forslag til ny handlingsplan mot speleproblem til Kulturdepartementet. Arbeidet starta i februar, og vart gjennomført i tett samarbeid med Medietilsynet

og Helsedirektoratet. Den nye handlingsplanen skal gjelde for perioden 2016-2018, og tok til å gjelde frå årsskiftet.

### Kampanjen «Snakk om spill»


Lotteritilsynet lanserte i 2015 kampanjen «Snakk om spill» i samarbeid med Medietilsynet. Kampanjen var eitt av fleire tiltak i Handlingsplan mot spilleproblemer 2013 – 2015. Dataspel og pengespel kan vere ei kjelde til irritasjon i mange heimar og på mange skular. Målet med kampanjen er å gi skular og foreldre relevant informasjon og verktøy for å førebyggje og avdekke slike problem. All informasjon er samla på nettsida [www.husfred.no](http://www.husfred.no). Lotteritilsynet vil følgje opp kampanjen i 2016.

### Arbeid i lovutval om kvitvasking

Etter at EU i 2015 vedtok sitt fjerde kvitvaskingsdirektiv, vil spelselskap som Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, og andre som tilbyr lotteri, bli omfatta av regelverket for kvitvasking. Det er sett ned eit lovutval som skal komme med framlegg (NOU) om korleis dette skal implementerast i norsk rett. Lotteritilsynet er representert i dette lovutvalet. Første delutgreiing vart overlevert Finansdepartementet i november 2015. Siste delutgreiing vil bli overlevert i løpet av 2016.

## Milepælar i 2015

- Etablerte ny nasjonal eining mot kampfiksing.
- Delvis gjennomslag for fjerning av spelereklame i TV-kanalar som sender frå utlandet (AMT-direktivet).
- Førte tilsyn med det første lovlege NM i turneringspoker i Norge.
- Leia arbeidet med å få på plass ein ny handlingsplan mot speleproblem.
- Lanserte kampanjen «Snakk om spill».



## Trender og fakta

Den teknologiske utviklinga har endra norske spelevaner, både for pengespel og nye former for spel med og utan pengar, som til dømes sosiale nettverksspel. Dette har også opna for nye former for marknadsføring.

Mobile, digitale einingar gir nordmenn tilgang til pengespel døgnet rundt. Nye speleplattformer gjer det lettare for spelselskapa å rekruttere nye kundar, og å halde på eksisterande.

Den teknologiske utviklinga har opna for nye, lovlege pengespel på digitale plattformer i Norge. Norsk Tipping tilbyr interaktive lotteri og pengespel på Internett, og det er opna opp for at frivillige organisasjonar kan få løyve til å gjennomføre større lotteri på digitale plattformer.


### Samansett bilete

I den uregulerte pengespelmarknaden ser vi at biletet av aktørar som tilbyr og marknadsfører ulovlege lotteri og pengespel er blitt meir komplekst og samansett. Samla sett viser utviklinga at den uregulerte pengespelbransjen stadig tar i bruk nye metodar for å rekruttere eller halde på norske spelarar. Mellom anna brukar dei aktivt norske kjendisar og tidlegare idrettsutøvarar som talspersonar, såkalla ambassadørar, kommentatorar eller tippeekspertar, og dei brukar norske kommunikasjonsbyrå i arbeidet med å få marknadsført og formidla pengespela sine i Norge.

### Meir utfordrande for tilsynet

Marknadsføringa har auka i omfang, og dukkar opp i fleire medium enn tidlegare. Marknadsføringa har også endra form frå meir tradisjonell reklame til innhaldsreklame i redaksjonelle artiklar i trykte medium og på Internett (content marketing). Utviklinga har gjort tilsynsarbeidet med den ulovlege lotteri- og pengespelmarknaden meir utfordrande for Lotteritilsynet.

I 2016 skal det utarbeidast ei stortingsmelding om den norske pengespelpolitikken. I meldinga vil regjeringa komme med si meining om framtidig reguleringsmodell i Norge. Meldinga vil også vurdere kva slags tiltak som er nødvendig for å oppretthalde ein ansvarleg spelpolitikk.



# Talet på tilsynssaker auka i Stiftelsestilsynet

I 2015 vart det oppretta til saman 880 tilsynssaker i Stiftelsestilsynet. Dette er ein auke på 169 saker frå året før. Talet på mottekne revisorbrev nådde 260, og dette er 29 fleire enn i 2014.

Talet på saker for tematisyn, også systemkontroll, utgjorde 510. For enkelttilsyn og andre meldingar om tilhøve i stiftelsar, var tala på saker høvesvis 18 og 12.

Dei føringar som tidlegare er gitt for tilsynsarbeidet, er i stor grad ført vidare og vidareutvikla i 2015. Som følgje av utskiftingar i arbeidsstokken, vart nokre planlagde prosjekt utsette til 2016.

## Litt færre stiftelsar


I 2015 var det framleis ein nedgang i talet på norske stiftelsar – ein trend vi har sett nokre år no. Store endringar er det ikkje, for i fjor kom det til 110 nye stiftelsar medan 282 vart avvikla. Ved årsskiftet var det såleis 7139 registrerte norske stiftelsar, og av desse var 863 næringsdrivande.

Med over 7000 stiftelsar i Norge må vi gjere eit utval for kva vi årleg fører tilsyn og kontroll med. Stiftelsestilsynet har i tilsynsarbeidet utarbeidd generelle vurderingar for risiko og vesentlegheit for stiftelsesforma. Desse vurderingane er førande både når det gjeld kategorisering av tilsynssaker, og ved utval av kva for tilsyn eller utvida undersøkingar som skal gjennomførast.

## Førebyggjande tilsyn

Dei ulike tilsynsområda kan kategoriserast i innkomne saker og saker vi opprettar sjølve. Dei innkomne sakene er i all hovudsak basert på revisorbrev, tips og medieoppslag. Vi har oppretta tipsteneste på våre nettsider som gjer at vi får inn ein del tips om tilhøve i stiftelsane. Saker vi opprettar sjølve er i hovudsak gjennomførte som prosjekt, eller ved systemkontrollar og temakontrollar. Systemkontrollar har vi gjennomført i mange år, medan vi dei tre siste åra har utvikla førebyggjande tilsyn gjennomført som prosjekt. Dette har vore viktig for utviklinga av tilsynet med stiftelsar.

Stiftelsestilsynet meiner denne type tilsyn gir eit langt meir effekt tilsyn enn meir passivt tilsyn. Særleg får vi betre moglegheiter til å sjå på større grupper ut frå kritiske utvalskriterium. Det gir også fordelar ved at vi kan sjå på fleire innanfor same felt samstundes. Nokre av prosjekta er gjennomførte for å opparbeide kunnskap innan eit område. Slik kunnskap kan danne grunnlag for framtidige tilsyn.



## Milepælar 2015

- April** Stiftelseskonferansen 2015 vart arrangert i Førde.
- Juli** Stiftelsesklagenemnda ny klageinstans.
- November** Nordisk møte på myndighetsnivå i Helsingfors.
- Desember** Stiftelsesregisteret med nye og forbedra søkefunksjonar.



### Merksemd mot store stiftelsar

Stiftelsestilsynet valde i 2015 å halde fram arbeidet med tilsyn av dei største stiftelsane – eit arbeid som starta i 2013. Dette er eit overordna tilsyn der merksemda skal rettast mot korleis desse stiftelsane blir drivne, og korleis dei forvaltar sine formuar. Det er Stiftelsestilsynet si meining at dei fleste av desse stiftelsane blir drivne godt, og at kapitalen blir forvalta på ein god måte. Enkelstiftelsar vil her bli følgde nærare opp der vi finn dette nødvendig.

### Revisor sine pliktar

Årleg får mellom åtte og ti prosent av landets stiftelsar ein merknad i revisjonsmelding frå revisor. Slike merknadar i revisjonsmeldingane fører i mange tilfelle til eit nummerert revisorbrev. I 2015 har vi kontrollert rekneskap for utvalde stiftelsar med merknad i revisjonsmeldinga. Denne gjennomgangen tyder på at det er underrapportering av nummererte revisorbrev. Dette rimar bra med statistikken, som viser at vi i 2015 mottok 260 nummererte revisorbrev.

Revisor har ofte god kunnskap om stiftelsane, og revisors nummererte brev er ei god kjelde til informasjon om vesentlege tilhøve i stiftelsane. Det er difor viktig at revisor er klar over dei pliktar som kviler på han etter stiftelseslova.

### Uregistrerte stiftelsar


Alle stiftelsar har plikt til å la seg registrere i Stiftelsesregisteret, men årlege tilsyn viser at det er stiftelsar som framleis ikkje er registrerte. Dersom vi i vårt tilsynsarbeid avdekkar stiftelsar som ikkje er registrerte, blir dei pålagde å la seg registrere i Stiftelsesregisteret. Registrering er viktig for at vi skal ha oversikt slik at vi kan føre tilsyn og kontroll med alle stiftelsane.

### Resurskrevjande tilsyn

2015 var prega av fleire ressurskrevjande tilsyn. I eitt av dei større tilsyna valde det sitjande styret å trekke seg etter eit lengre tilsyn der vi la fram omfattande dokumentasjon som danna grunnlag for kritikk av forvaltninga i stiftelsen. Felles for desse tilsyna er at dei som oftast har sitt opphav i tips eller omtale i media. Eksterne kjelder er difor viktig for å kunne avdekke kritikkverdige tilhøve i stiftelsane.

Dei store tilsynssakene er ofte prega av mykje mediemerksemd, som mellom anna fører til mange krav om innsyn i dokument som vedkjem saka. Det kan ofte vere omfattande arbeid som er nødvendig for å gå gjennom dei dokument der det er bedt om innsyn.

Avgang og tilgang stiftelsar



## Fleire søknader frå stiftelsane

Endringar i stiftelsen skal godkjennast av Stiftelsestilsynet. Talet på søknader om slike endringar auka i 2015, og den største auken finn vi i sakstypane vedtektsendring, samanslåing og oppheving.



Forvaltningsområdet omfattar sakshandsaming av alle ordinære forvaltningssaker i Stiftelsestilsynet. I hovudsak vil det seie søknader om nyregistrering, kapitalendring, vedtektsendring, samanslåing, deling og oppheving av stiftelsar. I tillegg omfattar det omdanning av bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55, omdanning av private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3, og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32, forutan omdanning av enkelte samvirkeforetak.

### Stiftelsar

# 7139

### Klar auke i fleire sakstypar

Talet på innkomne forvaltningssaker i 2015 auka med om lag ti prosent til ca. 1700 saker. Talet på nyregistreringar og kapitalendringar er stabilt, medan det er ein auke i talet på vedtektsendringar, samanslåing og oppheving. Vedtektsendringar auka med seks prosent til 711 saker, opphevingsaker auka med 36 prosent til 293 saker og samanslåingar auka med 40 prosent til 59 saker. Talet på saker etter stiftelseslova § 55 var stabilt. Saker som gjaldt private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3, og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32, auka med 38 prosent til 121 saker.

### Normale svingingar

Auken i talet på vedtektsendringar ligg innafør normale svingingar. Auken på oppheving og samanslåing kan dels forklarast med det låge rentenivået, forutan at det framleis er sterkt fokus i stiftelsane på effektivisering og auka formålsrealisering. Auken i saker om private beslagsforbod og bandlagt pliktdelsarv skuldast sannsynlegvis at tingrettane er blitt meir merksame på slike klausular i testament. Det inneber at arvingane ikkje får ut skifteattest før det er teke stilling til klausulen om beslagsforbod og bandlegging, og det er Stiftelsestilsynet som er instansen arvingane då må kontakte.

I ein periode tidlegare var det ein trend å ta inn klausular om kreditorvern og unntak frå konkurs i testament og gåvebrev. Vi ser at mange søknader om oppheving blir grunnsett med at ei slik ordning ikkje har vore intensjonen.





### Litt fleire klager

I 2015 mottok Stiftelsestilsynet 43 klager, og dette er ein auke på ti klager frå året før (talet på klager i parentes):

- Kapitalendring (1)
- Dispensasjon frå stiftelseslova (1)
- Vedtektsendring (8)
- Samanslåing (3)
- Oppheving (8)
- Bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55 (3)
- Private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdelarv etter arvelova § 32 (2)
- Årleg avgift (14)
- Klager etter tilsynssak (3)

Endringar i talet på klagesaker må seiast å liggje innanfor normale svingingar. Noko av endringa kan skuldast ein kombinasjon av lågt rentenivå, sterkt fokus på effektivisering og auka formålsrealisering, og at stiftelsane legg til grunn eit vidare høve til omdanning etter stiftelseslova § 46 første ledd og § 47 enn det lova gir. Det er også ei venta utvikling at grensene for praksis i ulike sakstypar blir utfordra.

Det er forvaltningsområdet som har ansvaret for klagehandsaminga. Nærings- og fiskeridepartementet var klageinstans første halvår 2015. Frå 1. juli overtok den nyoppretta Stiftelsesklagenemnda.

### Held jamt over fristane

Måla for sakshandsaminga i 2015 har vore at alle dokument skal svarast på innan ein måned. For saker som gjeld nyregistrering er svarfristen ei veke. Vi har jamt over halde desse svarfristane. Den reelle sakshandsamingstida vil i mange saker vere lenger enn ein måned fordi vi må innhente tilleggsdokumentasjon før vi kan fatte vedtak. Normal svarfrist for stiftelsen er fire veker, men ofte blir fristen forlenga etter ønske frå søkjar. Det gjeld typisk i saker om vedtektsendring, oppheving og samanslåing

## Det skjer i 2016

- Temakontroll om «Styrehonorar og administrasjonskostnader» med alle registrerte stiftelsar. Prosjektet vil gi oss viktig kunnskap om nivå og variasjonar mellom ulike typar stiftelsar.
- Tilsyn med dei store stiftelsane gir oss kunnskap om utviklingsbehov på stiftelsesområdet.
- Tilsyn med samanslegne stiftelsar der vi også ser på om stiftelsane følgjer vedtektene etter samanslåing.
- Tilsyn med fellesforvaltning av stiftelsar. Ved vedvarande lågt rentenivå og krevjande kapitalforvaltning, er fellesforvaltning meir aktuelt. Kunnskap om dette, og kva det inneber, er viktig.
- Stiftelsestilsynet deltar i arbeidet med framlegg til ny stiftelseslov.

## Ein stadig viktigare møtestad

Stiftelseskonferansen 2015 stadfesta at denne konferansen er ein viktig møtestad for både store og små stiftelsar. Tilbakemeldingane frå deltakarane var til dels svært gode, og vi hadde eit uvanleg skarpskodd felt av føredragshaldarar.

Stiftelseskonferansen i Førde vart arrangert 21. og 22. april, og var den femte i rekkja. Deltakinga på Stiftelseskonferansen 2015 var den største i konferansen si historie med over 200 deltakarar. Gjestene representerte alle typar stiftelsar av forskjellig storleik. I tillegg er konferansen open for andre som har interesse av spørsmål som gjeld norske stiftelsar.

### Største møtestaden

Konferanseprogrammet hadde nettverk, fag og framtidsutsikter som gjennomgåande tema. Blant dei som var på talarstolen denne gongen var dåverande kulturminister Thorhild Widvey, konsernsjef Olav Thon, næringslivsleiaren Jens P. Heyerdahl og industrimannen og filantropen Trond Mohn.

Stiftelseskonferansen har etter kvart utvikla seg til å bli den største møtestaden for folk frå stiftelses-Norge. Vi kan slå fast at konferansen er ein viktig

fagleg arena for diskusjon og deling av kunnskap om stiftelsar og filantropi her i landet.

Tilbakemeldingane frå deltakarane viste at konferansen og innhaldet vart svært godt motteke. På spørsmål om konferansen var nyttig, gav 77 prosent av dei spurte karakteren fire og fem på ein skala frå ein til fem. Tilsvarende tal for spørsmålet om konferansen er ein viktig møtestad: 88 prosent gav karakteren fire eller fem.

*Stiftelseskonferansen 2015 samla mange sentrale personar, mellom dei f.v. Jens P. Heyerdahl, Hans Jørgen Stang, Trond Mohn og Olav Thon.*






## Brukarvenleg ny versjon av Stiftelsesregisteret

Vi lanserte ein ny versjon av Stiftelsesregisteret i 2015. Registeret er søkbart, og har tilgang til informasjon om alle norske stiftelsar med vedtekter. Vedtektene er optisk lesne slik at også vedlegga i registeret er søkbare, og dette er truleg unikt i offentleg samanheng.

Det er no mogleg å få grupperte søk, status på søknadshandsaming og opplysningar om registreringar i andre offentlege register. Brukaren kan sortere etter geografiske område, sektor, kapital etc. Det kan enkelt plukkast frå ei liste over tilleggsopplysningar. Treffa i søka kan opnast for meir informasjon, eller overførast i rekneark der ein kan jobbe vidare med informasjonen.



## Ønskjer brei gjennomgang

Stiftelsestilsynet har over tid sett behov for ein brei gjennomgang av stiftelsessektoren, forutan ein eventuell revisjon av stiftelseslova. Dette har også vore tema i samtalar med Kulturdepartementet.


På denne bakgrunn sende vi i mars 2015 eit notat til departementet, der vi gjorde greie for behovet for ein lovrevisjon. Her drøfta vi spørsmålet om ei

offentleg utgreiing. Vi har fått signal om at dette vil bli følgt opp i 2016.

Vi leverte i 2015 også høyringsuttale til utkast til ny skiftelov og ny arvelov. Dette arbeidet har vist oss at Stiftelsestilsynet sit med ein særeigen kunnskap og erfaring som gjer at vi er ein viktig leverandør inn mot lovarbeid også på andre rettsområde enn rein stiftelsesrett.

# Ny nettside og endra profil

Nettsida er hovudgata inn til Lotteri- og stiftelsestilsynet. I 2015 laga vi nye nettsider for å gjere det endå lettare for våre brukarar å løyse sine oppgåver og finne relevant informasjon.



I 2015 gjennomførte vi eit prosjekt der vi laga nye nettsider og justerte vår visuelle profil. Nettsidene lanserte vi på nyåret i 2016. Vi har lagt stor vekt på dynamiske nettsider som skal løfte fram dei viktigaste brukaroppgåvene, og det viktigaste kjerneinnhaldet.

## Meir sjølvbetjening

Dei viktigaste brukaroppgåvene hos oss er forvaltningssaker, der brukaren besøker oss for å løyse ei oppgåve. Det har prega vala vi har tatt. Vi har fått ei fleksibel nettløysing med god interaksjonsdesign.

Vi har lagt vekt på meir sjølvbetjening av informasjon gjennom mellom anna bruk av kontaktskjema og FAQ i Zendesk. Også denne gong har vi valt å bruke WordPress.

Kommunikasjonsstaben har leia prosjektet og forankra det i organisasjonen. Alle fagavdelingane har vore representert i prosjektgruppa, og leiargruppa var styringsgruppe. Rein Design står bak justert profil og webdesign, medan Mediebruket har utvikla dei nye nettsidene.

## Trafikk på nettsider i 2015



Det er ein liten auke i trafikken til våre nettsider samanlikna med 2014. Dei fleste besøker oss via søkemotorar og direkte-trafficen går ned. Stadig fleire besøker oss via mobil og nettbrett, men framleis besøker heile 76 prosent av brukarane oss frå PC. Besøk frå sosiale media er 7,7 prosent av all trafikk.

## Oppslag i media

Media viser stor interesse for alle våre fagområde sjølv om vi har ein tilbakegang i medieoppslag samanlikna med 2014. Vi var omtala i over 1300 medieoppslag i 2015. Dei fleste medieoppslaga er i nettaviser og papiraviser, både i lokal- og rikspresse. Vi har også vore synlege i radio og på TV, i regionaviser og i fagpresse. Det er særleg pengespelområdet media er interessert i.

## Evaluering av årsrapport

Vi deltok i Farmandprisen si evaluering av årsrapport utan å nå heilt opp. Farmandjuryen meinte at årsrapporten for 2014 gav ei utfyllande utgreiing om tilsynets omfattande oppgåver. Rapporten påviser ei rekkje forbetringar samanlikna med 2013, men vi fekk også konkrete forslag på korleis vi kan bli betre.





# Viktige digitaliseringstiltak

Vi har gjennomført mange digitaliseringstiltak i 2015. Desse skal i sum medverke til at vi leverer betre tenester til publikum og brukarane og at vi effektiviserer forvaltninga vår. Digitaliseringa skal òg gje betre datakvalitet og sikrere prosessar, slik vi kan overføre ressursar frå forvaltning til tilsyn, i tråd med strategien vår.

## Digitaliseringstiltak i 2015:

- Utvikling av ny publikumsdel for Stiftelsesregisteret. Den blei publisert i desember.

*Gevinst: Meir brukarvenleg, gir publikum vesentleg betre moglegheit til å søke i register og vedtekter.*

- Vidareutvikling av Lotteriregisteret. Den nye versjonen inneheld meir funksjonalitet for kontroll og rapportering.

*Gevinst: Meir brukarvenleg for sakshandsamarane, meir effektiv kontroll og rapportering, betre kvalitet, færre sidesystem.*

- Utvikla og sett i drift system for automatisert innlesing av momsskjema i sak- og arkivsystem.

*Gevinst: Sparer arkivet for manuell tasting, betre kvalitet.*

- Utvikla løysing for å gjere dokument søkbare og lett tilgjengeleg. I 2015 har vi arbeidd med å utvikla ein prototype, denne skal vidareutviklast og settast i drift i 2016.

*Gevinst: Fjerne tidstjuv for sakshandsamarane, lettare og betre tilgang på dokument.*

- Bygd opp datavarehus, med data over inntekter for stiftelsar og frivillige organisasjonar. Arbeidet er ein del av vår langsiktige satsing på meir kunnskapsbygging.

*Gevinst: Kunnskapsbygging, kompetanse på datavarehus, betre grunnlag for vidare effektivisering av ulike støtteordningar og inntektsmekanisamar, lagt til rette for at tilsette utan spesiell teknisk kompetanse kan gjere eigne analyser på fagområde. Lagt til rette for betre og meir effektive metodar for måling og analyse av interne styringsparametre.*

- Tatt i bruk nytt forvaltningssystem for register og støttesystem.
- Gevinst: Meir heilheitleg styring.*

- Starta utgreiingsprosjekt for å sjå på moglegheitene for automatisert sakshandsaming i Lotteritilsynet.
- Gevinst: Bruke mindre tid på å kvalitetssikre og bearbeide informasjon, betre kvalitet.*

- Testa løysing for bruk av digitale postkassar. Basert på krav om digital kommunikasjon har tilsynet behov for kommunikasjon til både frivillige organisasjonar og innbyggjarar. Vi har testa SvarUt for å verifisere at løysinga kan dekke våre behov.
- Gevinst: meir brukarvenleg kommunikasjon, redusere kostnader og ressursbruk.*



- Utvikling av nye nettsider.

*Gevinst: Vi har fått dynamiske nettsider som løftar fram dei viktigaste brukaroppgåvene og det viktigaste kjerneinnhaldet til ei kvar tid. Det gjer det lettare for brukarane å løyse oppgåver og finne relevant informasjon. Vi har også lagt meir vekt på sjølvbetjening av informasjon ved bruk av FAQ i Zendesk. Dette har også gjort arbeidet internt (både i Kommunikasjon og i Stiftelsestilsynet) meir rasjonelt og effektiv. Løysinga «fann du det du lette etter?» har vore nyttig for produksjon og prioritering av innhald.*

- Ny løysing for kontaktskjema i Zendesk i Stiftelsestilsynet.

*Gevinst: Effektivisering og automatisering. Mindre tid internt i Stiftelsestilsynet på å kvalitetssikre og bearbeide informasjon, betre kvalitet på oppfølging og svar.*

Vi er midt i ein digitaliseringsprosess, og det vil ta minimum 2 år til før vi blir ferdig med dei planlagde tiltaka. Som lista viser har vi alt oppnådd nokre gevinstar, men vi ventar større gevinstar når vi har kome lenger i prosessen.

# Styring og kontroll i verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp, og vi gir her ei overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.

Tildelingsbrevet dannar grunnlaget for avdelingane sine årsplanar. Modellen som blir nytta for plan og oppfølging er eit elektronisk system for verksemdstyring. Tiltak og tiltaksansvarlege blir følgde opp løpande gjennom året av leiarane, og det blir rapportert i leiarmøte.

På dei to årlege etatstyringsmøta med departementet, blir det rapportert på status fag og økonomi, og større saker blir drøfta. Risikovurderingar er fast tema på etatstyringsmøta.

Fagtilsyna utarbeider årlege tilsynsplanar basert på ein felles tilsynsmetodikk. Risiko og vesentlegheit dannar grunnlaget for prioriteringane i tilsynsarbeidet.

## Mål om heilskapleg styring

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i sin strategiplan eit mål om heilskapleg styring, og arbeidet med internkontroll er ein viktig del av dette.

Den overordna risikovurderinga som leiinga gjennomfører årleg, viser at risikobiletet gjennomgåande ikkje er kritisk. Det er ikkje gjennom 2015 påvist enkeltområde som krev straktiltak for å handtere risiko. Vurderingane som tilsynet gjer, blir gjort greie for i styringsdialogmøta med departementet.

## Stabilitet

Samla måloppnåing i tilsynet er god, som det går fram av omtalen av fagområda. Dei siste par åra har det vore relativt stor grad av stabilitet i tilsynet målt ut frå parametrane budsjettammer, ressursar, oppgåver og samla saksmengd.

Saksmengd er ein sentral måleparameter som leiinga ser på kvartalsvis.

Tal journalføringar per år har vore slik:

2013: 30 937

2014: 30 198

2015: 30 803

Vi har sett ein klar tendens til at området meirverdiavgiftskompensasjon har hatt ein auke i saksmengd, medan det har vore stabilisering eller ein viss nedgang på dei andre fagområda. Samla sett er dei siste tre åra svært like når vi ser på dei samla tala framfor. Det har ut frå dette også vore ein medviten del av styringa å halde talet på tilsette stabilt på same nivå, eventuelt med visse omprioriteringar internt.

Stabiliteten er medverkande til at leiinga også har eit godt grunnlag for å kontrollere risikofaktorar.

## Arbeid med internkontroll

Implementering og utøving av internkontroll er eit linjeansvar i organisasjonen. Ein del av internkontrollarbeidet er på eit overordna og organisasjonsovergripande nivå, og dette blir koordinert av administrasjonen. Internkontroll skal omfatte alle område som t.d. fag og administrasjon generelt.

I 2015 er det blitt jobba mykje med implementering av betre internkontroll. Arbeidet med å samle og strukturere styrande dokument har halde fram, og på intranett har vi eit eige område for styrande dokument. Det kallar vi kvalitetshandboka. Avdelingar har eigarskap til eigne rutinar på dette området, og i året som gjekk har mykje av jobben blitt gjort ute i avdelingane. Vidare arbeid med kvalitetshandboka held fram, og er ein kontinuerleg prosess. Vi ser ved inngangen til 2016 at koordinering av avdelingsvise system og malar for internkontroll må bli neste trinn i denne jobben.

Hovudinstruks og tildelingsbrev frå departementet er sentrale styrande eksterne dokument i kvalitetshandboka.

Sjølv om mykje er kome på plass i internkontrollen, er det også einskilde element, særleg på koordinering og oversikt, som må ferdigstillast før Lotteri- og stiftelsestilsynet har eit fullt ut implementert system for internkontroll i heile verksemda. Vi arbeider også med å utvikle betre nøkkelkontrollar og rapporteringar som ein del av verksemda sitt internkontrollsystem.

## Budsjettstyring

For nærmare omtale blir det vist til årsrekneskapen.

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Ny standard kontoplan vart innført frå 2012. Den er no godt innarbeidd i verksemda, og blir nytta ved budsjettering i Agresso budsjettplanlegger. Budsjettet er med ny kontoplan langt meir detaljert enn tidlegare. 2015 var første året vi gjennomførte budsjettstyring på leiargruppenivå ut frå detaljert kontoplan. Så langt er erfaringane gode.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har vore pilot for DFØ på utprøving av eit nytt verktøy for økonomirapportering. Utprøving og innføring vart sett på vent av DFØ i 2015, men blir etter planen gjenoppteke i 2016 med ei ny og betre systemløyising.

## Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar er gode på området økonomistyring. Rekneskapen for føregående år var ikkje ferdig revidert då denne rapporten vart skriven, men oppsummeringa av rekneskapsrevisjonen for året 2014 gitt på avsluttande møte i 2015 var:

- Generelt veldig bra.
- God og ryddig dokumentasjon.
- Vi får alt vi spør etter og har god kommunikasjon.
- Nesten ingen feil eller manglar.
- Ingen indikasjonar på vesentlege brot på administrativt regelverk.

Det er ikkje i dei revisjonar som er avslutta påvist manglar ved budsjettstyring, ved internkontroll knytt til økonomifunksjonar, eller ved flyten mellom fagavdelingane si sakshandsaming og administrasjonen si handtering av fakturering og utbetaling. Det har såleis ikkje vore behov for korrigerande tiltak på desse områda.

Riksrevisjonen sin revisjonsrapport om tilsynsarbeidet i Stiftelsestilsynet vart lagt fram i mai 2015. Rapporten peika på nokre forbettingsområde i tilsynsmetodikk, dokumentasjon, risiko- og vesentlegheitsvurderingar, årsplanlegging, system og rutinar. Det er frå tilsynet si side teke tak i dei områda som krev forbetring.



Arbeidet har hatt høg prioritet, og departementet blir halde orientert. Dialogen med Riksrevisjonen har vore god. Enkeltfunna som er gjort har ikkje våre alvorlege, men revisjonen har synleggjort behov for nokre korrigeringar i system og rutinar.

## HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2015 ved hjelp av verktøyet Avant gjennomført ei langt meir omfattande medarbeidarundersøking enn det vi tidlegare har gjort. Bruken av Avant gjer det mogeleg å samanlikne resultat med andre statlege brukarar av same system. Det er Difi som tilbyr løyisinga.

Samla sett kom organisasjonen ut med eit resultat på dei ulike parametrane som ligg tett opp under gjennomsnitt for dei verksemdene som nyttar metoden. Det betyr samstundes at vi i all hovudsak ikkje låg over gjennomsnitt. Dette kan sjåast på som ein indikator på at verksemda har noko å strekkje seg etter, og at arbeidsmiljø må vere eit prioritert område framover.

Undersøkinga avdekkja ein del avdelingsvise skilnader, og det har difor vore viktig å jobbe ute i avdelingane og einingane med analyse og oppfølging i etterkant. Det vil bli gjennomført ny måling i 2016. Bruken av Avant som verktøy blir vurdert som svært nyttig.

I november arrangerte vi personalsamling med både fagleg og sosialt innhald. Hovudfokus var resultat og oppfølging av

medarbeidarundersøkinga, samt budsjettammer, føringar og planprosess for det komande året.

Sjukefråværet i 2016 var 6,1 prosent, og dette var ein auke i høve til det nivået vi har lege på tidlegare. Dei fem føregående åra har vi lege mellom 3,6 og 4,5 prosent. Auken blir forklart med ein del langtidssjukemeldingar som vi har hatt i ein periode, og særleg på ei avdeling. Leiinga har sett med uro på at vi fekk ein auke i 2015, og har oppfølging på korleis sjukefråværet utviklar seg framover. Målet er å kome ned att på det vi som verksemd reknar som eit normalnivå på under fire prosent.

Lotteri- og stiftelsestilsynet gir tilsette høve til å trene ein time i veka i arbeidstida. Ein del av velferdsmidlane blir nytta til tiltak for fysisk aktivitet.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsplan vart revidert i 2015. Denne tek føre seg beredskapsleiing og rutinar for varsling og kommunikasjon.

## Informasjon og dialog

Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidersamtale, alle avdelingar har jamlege avdelingsmøte, og det er gjennomført faste møte i IDF og AMU i året som gjekk.

Avdelingane utarbeider årlege kompetanseplanar som omfattar både interne og eksterne tiltak. Nokre kompetansetiltak blir gjennomførte for heile organisasjonen, t.d. årleg temadag om godt språk.

# Særskilt rapport til departementet

## Tidstjuvar

Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert på temaet tidstjuvar i tråd med dei krav som er stilte. Det har så langt ikkje vore eit større tema i verksemda å utarbeide tiltak og handlingsplanar under paraplyen tidstjuvar. Digitalisering og utvikling av effektive brukarvennlege løysingar er likevel eit høgt prioritert område i tilsynet. Mykje er gjort på dette området også i 2015 (sjå eigen artikkel).

## Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremje likestilling i samsvar med likestillingslova. Vi har tre mål med tilhøyrande tiltak for arbeidet med likestilling (sjå tabell under).

Gjennomsnittleg alder i tilsynet er 47 år. Går vi ti år tilbake så var gjennomsnittsalderen 41 år. Dette stadfestar eit inntrykk av stor grad av stabilitet i arbeidsstokken. Ein stor del av dei tilsette i dag har vore med heilt sidan tilsynet vart oppretta for 15 år sidan, og sit på mykje erfaring.

## Ytre miljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet prioriterer å nytte videokonferansar eller nettmøte der slik arbeidsmåte er mogeleg, for dei delar av organisasjonen dette høver for. Møteromma er i dag godt utstyrte med tilgang på videokonferanseutstyr.

Vi har sett at reiseverksemda har gått noko ned i 2015. Tendensen siste fire år har vore ein svak nedgang kvart år. Vi har også nyleg gjennomført ein analyse som syner at reiseverksemda siste seksårsperiode har vore betydeleg lågare enn i den førre seksårsperioden både samla sett og målt i reiseverksemd per tilsett. Ein viktig forklaringsfaktor for den store reiseaktiviteten i den førre perioden som strekkjer seg heilt tilbake til 2004, var at vi då hadde ein automatmarknad som var underlagt omfattande kontroll ute på oppstillingsstadene. I dag blir meir av kontroll- og tilsynsfunksjonane utført frå kontorlokala i Førde. Lotteritilsynet pengespel er den delen av tilsynet som har mest reiseverksemd i dag.



Mål	Tiltak
Balanse mellom kvinner og menn i organisasjonen.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I stillingsannonser blir kvalifiserte søkjarar oppmoda til å søkje uavhengig av kjønn.</li> <li>• Vurdere kjønnsbalansen i samband med innstilling og tilsetjing.</li> </ul>
Lik utvikling i løn mellom kvinner og menn.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggje vekt på lik utvikling i lønsmassen for kvinner og menn ved lønsforhandlingar.</li> <li>• Ta med personar som er ute i svangerskaps- og omsorgspermisjon under lokale lønsforhandlingar.</li> </ul>
Leggje tilhøva til rettes for småbarnsforeldre.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordning med heimekontor/breiband for stillingar der det er praktisk mogeleg.</li> <li>• Alle tilsette som er i svangerskaps- eller omsorgspermisjon får tilbod om å disponere berbar PC i permisjonstida.</li> <li>• Tilbod om at tilsette som har svangerskaps- eller omsorgspermisjon får vere med på ulike fellessamlingar.</li> </ul>

## Fordeling kjønn

	Totalt		Leiarstillingar*		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)	52	48	57	43	51	49
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i prosent)	55	45	57	43	54	46
Gjennomsnittsløn – faste stillingar (i 1 000 kr)	624	814	763	802	486	555

\*) Løn gjeld avdelingsleiarane. Direktøren er ikkje med her.



# Vurdering av framtida

Langtidsstrategien vår stakar ut kursen for mykje av aktiviteten i Lotteri- og stiftelsestilsynet fram til år 2020.

Samstundes er det klart at arbeidet på sentrale område er påverka av politikken som blir ført, og særleg gjeld det på pengespelområdet. Den framtidige pengespelpolitikken skal opp til politisk debatt etter ei stortingsmelding som blir ferdig i 2016. Dette er ein gjennomgang av pengespelpolitikken som Lotteritilsynet ønskjer velkomen.

## Avklaring av modell

Vi kan etter kvart vente oss ei avklaring på kva for pengespelmodell Norge skal satse på i åra framover. Om det blir dagens modell med statlege monopolselskap eller ein marknad med lisensar, vil sjølv sagt påverke kvardagen for Lotteritilsynet.

Satsar styresmaktene vidare på dagens monopolmarknad, er det viktig for Lotteritilsynet at den politiske gjennomgangen kan gi oss betre verktøy for å handheve lovverket. I dag har vi ikkje heimlar som kan stoppe utanlandske nettspelselskap å tilby pengespel via nettet. Vi har så langt heller ikkje hatt verktøy som kan demme effektivt opp for den massive marknadsføringa av pengespel i TV-kanalar som sender frå utlandet.

## Arbeid med kampfiksing

Arbeidet med kampfiksing blir også eit viktig satsingsområde for Lotteritilsynet framover. Kulturdepartementet la ei ny kampfiksingseining til Lotteritilsynet, og to tilsette var i gang frå januar 2016. Dette er ei satsing som er forankra i ein konvensjon som ei rekkje land har signert i Europarådet. Lotteritilsynet vil saman med blant andre idretten, spelselskap og politiet jobbe aktivt for å førebyggje og avdekke kampfiksing i Norge. Ressursbruk

og aktivitetar på dette området vil bli evaluert av Kulturdepartementet.

## Større formuar

På stiftelsesområdet ventar vi auka merksemd rundt bruken av stiftelse som eigarform. Det er grunn til å tru at stadig fleire større private formuar over tid vil bli førte vidare i form av stiftelsar. Her ønskjer Stiftelsestilsynet å bidra med kunnskap om dei langsiktige fordelane det har å velje stiftelse som eigarform.

Vi skaffar oss også ny kunnskap om norske stiftelsar gjennom dei store temakontrollane vi gjennomfører annakvart år. Dette er kunnskap som mellom anna har dokumentert kor viktige norske stiftelsar er i finansieringa av sentrale samfunnssektorar som forskning, kultur, utdanning og sosiale formål.

I 2016 er det klart for ei større undersøking som vil fortelje oss meir om styrehonorar og kostnader knytt til administrasjon av stiftelsane.

## Moderniserer stiftelseslova

Nærings- og fiskeridepartementet har sett ned eit utval som skal gå gjennom og komme med framlegg til endringar i stiftelseslova. Stiftelsestilsynet er også involvert i arbeidet. Målet er å tilpasse lova betre til dagens norske stiftelsar der utviklinga går i retning færre, men større stiftelsar - ofte med mange tilsette. Talet på stiftelsar med ein eigenkapital på over ein milliard kroner aukar, og talet på tilsette i norske stiftelsar har passert 35 000. Arbeidet omfattar også mellom anna ei vurdering av om mindre stiftelsar skal ha rekneskaps- og revisjonsplikt som i dag.

## Oppgåver og rammer

Dei seinaste åra har vore relativt stabile med omsyn til oppgåveportefølje og rammer for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Det same biletet teiknar seg også for den næraste perioden framover.

Nokre mindre endringar har vi i inneværande år knytt til omlegging av løysinga for klagenemnder og nemndsekretariat for lovområda våre.

Lotteritilsynet står for arbeidet med å fordele store summar i form av moms-kompensasjon og overskot frå pengespel. Det er eit mål at vi i framtida når endå breiare ut i den viktige frivillige sektoren med informasjon både om rettar og plikter lag og organisasjonar har som samfunnsaktørar.

Vi er i jamleg dialog med departementet om vår medverknad til løysing av ulike oppgåver som ligg under områda frivilligheit, tilskotsordningar, registerløysingar med meir. Til dømes kjem utvikling av ny løysing for idrettsanleggsregisteret som ei ny oppgåve framover.

## Hovudstrategien vår

Lotteri- og stiftelsestilsynet sin strategi for perioden 2015 til 2020 har følgjande hovudstolpar:

- Vi skal satse på brukarvenleg sjølvbetjening.
- Vi skal auke produksjonen av kunnskap og formidle dette på våre fagområde.
- Vi skal ha meir tilsyn gjennom fornying og effektivisering.
- Vi skal ha ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring.
- Vi skal ha ei heilskapleg styring i verksemda.

Gjennom satsinga vår på digitalisering av service og tenester, blir vi stadig meir brukarvenlege. Like etter årsskiftet 2015/16 tok vi til dømes i bruk nye nettsider som er eit stort steg i rett retning for den svært samansette brukargruppa vi har. Eit anna døme er satsinga på å gjere Stiftelsesregisteret meir brukarvenleg (sjå elles eigen artikkel om digitaliseringa i LS).

# Årsrekneskap 2015 – leiinga sin kommentar

## Formål

Lotteritilsynet vart oppretta i 2001, medan Stiftelsestilsynet vart oppretta i 2005. Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, moms-kompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

I del I i årsrapporten er det gitt ein introduksjon til tilsynet og nokre hovudtal for verksemda.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med bestemmelsane om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilete av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

## Vurderingar av vesentlege forhold

I 2015 har Lotteri- og stiftelsestilsynet disponert løyvingar på utgiftssida på til saman kr 1 482 230 675.

Kr 1 404 845 675 av tildelingane gjeld ordningane for momskompensasjon.

Forbruk er i tråd med plan og budsjett. Vi har halde igjen noko på forbruket for å ha ein buffer som er høveleg stor ut frå venta driftsramme framover. Dette gir eit netto mindreforbruk som er søkt overført, jf. rekneskapsførte utgifter i oppstillinga av bevilgningsrapporteringa. Som det går fram av note B, søker tilsynet om å overføre kr 3 231 000 av tildelte midlar på post 01 (5-prosenten), og kr 3 259 000 på post 21 ved å vise til stikkordet «kan overførast».

Av rapporterte utgifter til drift og investeringar kr 74 536 262, gjekk kr 43 061 631 til løn og sosiale utgifter, jf. note 2. Lønsdelen av driftsutgiftene var 57,8 prosent.

Som vist i figuren under har utgifter til både løn, varer og tenester lege relativt stabilt dei siste tre åra (tala her er ikkje indeksjusterte).

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2015 er innfridd. Dei største inntektskomponentane går fram av figuren under (tala her er ikkje indeksjusterte).

Siste femårsperiode har årsavgift for stiftelsane auka. Dette har vore nødvendig for at utgifter og inntekter for kvart av fagtilsyna våre skal balansere. Inntektskomponentane gjenspeglar utgiftsnivået på dei ulike tilsynsområda.



## Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsberetninga er venta klar i løpet av andre kvartal 2016.

Førde, februar 2016



Atle Hamar  
direktør  
Lotteri- og stiftelsestilsynet





# Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer fastsett i bestemmelsar om økonomistyring i staten («bestemmelsane»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015.

Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsane punkt 3.4.1, nærare bestemmelsar i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement. Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevilgningsrapportering og ein nedre del som viser behaldningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomværande med statskassa.

## Følgjer kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskonto-rapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2. – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følgjer kalenderåret:

- a) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- b) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevilgnings- og artskonto-rapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.



Alle statlege verksemdar er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsane pkt. 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjærskontoen ved overgang til nytt år.

## Bevilgningsrapporteringa

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Den blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle eidealjar og forpliktelsar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

## Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrettingheit for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og blir difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga. Note 8 til artskontorrapporteringa viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomværande med statskassa.

# Bevilgningsrapport for 2015

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2015	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	68 054 000	64 727 655	3 326 345
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	9 331 000	9 026 976	304 024
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.komp. frivillige org.	A	1 232 500 000	1 232 500 000	
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.komp. bygging idrettsanl.	A	172 345 675	172 345 675	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			4 186 618	
Sum utgiftsført					1 482 230 675	1 482 786 925	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2015	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr lotteri		6 855 000	7 736 267	881 267
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr stiftelsar		259 000	222 410	-36 590
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	8 900 000	11 855 292	2 955 292
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	2 115 042	
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift stiftelsar		22 364 000	22 346 794	-17 206
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Ref. Norsk Tipping og Rikstoto	B	38 335 000	38 347 692	12 692
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arbeidsgjevaravgift		0	5 292 853	
Sum inntektsført					76 713 000	87 916 350	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen						1 394 870 574
Kapitalkontoar						
60075901	Norges Bank KK /innbetalingar					85 245 259
60075902	Norges Bank KK/utbetalingar					-1 480 440 596
703803	Endring i mellomverande med statskassa					324 763
Sum rapportert						0

## Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst	2015	2014	Endring
703803	Mellomverande med statskassa	-1 719 229	-2 043 992	324 763

**Note A Forklaring av samla løyving**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	3 435 000	64 619 000	68 054 000
33921	1 504 000	7 827 000	9 331 000
31570	0	1 232 500 000	1 232 500 000
31582	0	172 345 675	172 345 675

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogeleg overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter(-) iht meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mulig overførbart beløp berekna av verksemda
33901		3 326 345		3 326 345	12 692			3 339 037	3 230 950	3 231 000
33921	"kan overførast"	304 024		304 024	2 955 292			3 259 316	3 259 316	3 259 316
31570		0		0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
31582		0		0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		

\*Maksimalt beløp som kan overførast er 5% av årets løyving på driftspostene 01-29, unntateke post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet "kan overførast". Sjå rundskriv R-2/2013 for meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Stikkordet «kan overførast»

Verksemda si løyving på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet stammar frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra og verksemda lar beløpet inngå som en del av mogeleg overførbart beløp.

### Romertalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 556873, jf. St.prp 1 S (2014-2015) romertal II. Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 556873. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. St.prp 1 S (2014-2015) romertal II. Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 33907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

### Mogeleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på samla beløp kr 3 339 037. Kr 3 231 000 vert rekna som mogeleg overføring til neste budsjettår ut i frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921 kan overførast i sin heilskap då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekinga av mogeleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar då det ikkje gjenstår midlar på postane. Mogeleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbake melding frå overordna departement om endeleg beløp som vert overført til neste år.

# Artskontorrapport for 2015

	Note	2015	2014
<b>Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>			
Innbetaling frå gebyr	1	68 602 706	8 267 074
Andre innbetalningar	1	11 867 984	13 371 659
<b>Sum innbetalningar frå drift</b>		<b>80 470 690</b>	<b>21 638 733</b>

<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetaling til løn	2	43 061 631	42 921 662
Andre utbetaling til drift	3	26 894 481	29 848 344
<b>Sum utbetalningar til drift</b>		<b>69 956 112</b>	<b>72 770 006</b>

<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>-10 514 578</b>	<b>51 131 273</b>
---	--	--------------------	-------------------

<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	2 095 526	1 984 656
Utbetaling av finansutgifter	4	2 994	2 823
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 098 520</b>	<b>1 987 479</b>

<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 098 520</b>	<b>1 987 479</b>
--	--	------------------	------------------

<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av avgifter, tilbakebetaling mva. kompensasjon	6	2 062 821	62 420 575
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		<b>2 062 821</b>	<b>62 420 575</b>

<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetaling av tilskot og stønader	7	1 406 545 675	1 309 585 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		<b>1 406 545 675</b>	<b>1 309 585 000</b>

<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		89 986	86 414
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		5 292 853	5 229 323
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-4 186 618	0
<b>Sum rapporterte utgifter på felleskapittel</b>		<b>1 196 221</b>	<b>5 315 737</b>

<b>Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>		<b>1 394 870 574</b>	<b>1 294 967 440</b>
--	--	----------------------	----------------------

<b>Oversikt over mellomverande med statskassa</b>			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2015</b>	<b>2014</b>
Lån til tilsette		17 664	7 500
Skuldig skattetrekk		-1 699 863	-2 038 610
Skuldig meirverdiavgift		-37 030	-12 172
Anna kortsiktig gjeld		0	-710
<b>Sum mellomverande med statskassa</b>	<b>8</b>	<b>-1 719 229</b>	<b>-2 043 992</b>

# Notar

**Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen 2015**

	2015		2014
<b>Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar</b>			
Gebyr lotteri	7 736 267		7 996 924
Registreringsgebyr stiftelsar	222 410		270 150
Årsavgift stiftelsar	22 309 029	*	0
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Tipping	2 426 700	*	0
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Rikstoto	35 908 300	*	0
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>68 602 706</b>		<b>8 267 074</b>
<b>Andre innbetalinger</b>			
Administrasjon av ordningane for mva.kompensasjon	7 900 000		7 648 000
Handlingsplan mot speleproblem	3 825 000		4 992 000
Nasjonal plattform mot kampfkxing	130 292	**	0
Annan inntekt	12 692		731 659
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>11 867 984</b>		<b>13 371 659</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>80 470 690</b>		<b>21 638 733</b>

\* Årsavgift og refusjonar er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 6.

\*\* Ny oppgåve frå 2015.

**Note 2 Utbetalinger til løn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlege refusjonar som vedkjem løn 2014**

	2015	2014
Løn	38 694 121	37 518 095
Arbeidsgjevaravgift	5 292 853	5 229 323
Sjukepengar og andre refusjonar(-)	-2 167 937	-1 889 332
Andre ytingar	1 242 593	2 063 575
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>43 061 631</b>	<b>42 921 662</b>
<b>Tal årsverk:</b>	61	62

Løn til direktør utgjorde 1 076 000 kroner i 2015. I tillegg kjem naturalytingar som omfattar dekking av elektronisk kommunikasjon og fri avis. Direktøren vert omfatta av same pensjonsavtale som andre tilsette i staten.

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	2015	2014
Husleige	5 414 224	5 043 390
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	291 155	1 048 026
Andre utgifter til drift av eidegom og lokale	1 240 745	1 522 233
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	335 198	389 285
Mindre utstyrsinnkjøp	870 309	2 544 852
Årlege lisensar m.m.	2 433 326	1 801 860
Konsulentar og andre kjøp av tenester frå eksterne	8 972 352*	9 443 572
Reiser og diett	2 564 091	2 546 237
Porto	353 642	348 187
Mobiltelefon (bruk)	375 618	444 584
Breiband, internett	164 028	312 030
Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	263 068	467 917
Kurs og seminar for egne tilsette	847 824	947 560
Andre kunningjeringar	605 783	810 868
Trykksaker	176 526	312 233
Andre driftsutgifter	1 986 593	1 865 509
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>26 894 481</b>	<b>29 848 344</b>

**\* Spesifisering av «konsulentar og andre kjøp av tenester frå eksterne»**

IKT-driftstenester, systemutvikling og installasjon	2 652 963
IKT-tenester for nettside og intranett	923 580
Advokattenester stiftelsesområdet	196 151
Tenester for planarbeid og rapportering	267 525
Økonomitenester, DFØ, bank, revisjon, innkrevjing, rådgjeving	126 463
Brukarundersøking	342 107
Klippteneste nyhende	126 687
Vikartenester arkiv og sentralbord	78 947
Kvartals- og halvårsmålingar for pengespelområdet	162 573
Informasjonskampanje mot problematisk speleåttferd	371 168
Drift av hjelpelinja for speleavhengige	1 189 836
Andre tiltak og utgreiingar retta mot problematisk speleåttferd	1 443 590
Rekrutteringstenester	84 982
Utbetaling venteløn	803 762
Andre tenestekjøp	202 018
	<b>8 972 352</b>



**Note 4 Finansutgifter**

	2015	2014
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 994	2 823
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>2 994</b>	<b>2 823</b>

**Note 5 Utbetaling til investeringar**

	2015	2014
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	2 095 526	1 984 656
<b>Sum utbetalt til investeringar</b>	<b>2 095 526</b>	<b>1 984 656</b>

**Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten**

	2015	2014
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Tipping	*	34 552 000
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Rikstoto	*	2 335 000
Årsavgift stiftelsar	37 765	21 864 378
Renteinntekter	347	0
Tilfeldige og andre inntekter, tilbakebetaling mva.kompensasjon	2 024 709	3 669 197
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>2 062 821</b>	<b>62 420 575</b>

\* Årsavgift og refusjonar er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 1.

**Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten**

	2015	2014
Mva.kompensasjon frivillige organisasjonar	1 232 500 000	1 193 152 000
Mva.kompensasjon bygging av idrettsanlegg	172 345 675	113 833 000
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	1 700 000	2 600 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>1 406 545 675</b>	<b>1 309 585 000</b>

**Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa****Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa**

	31.12.2015	31.12.2015	Skilnad
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kundefordringar	1 525 235	0	1 525 235
Lån til tilsette	17 664	17 664	0
<b>Sum</b>	<b>1 542 899</b>	<b>17 664</b>	<b>1 525 235</b>

**Kortsiktig gjeld**

Skuldig skattetrekk	-1 699 863	-1 699 863	0
Skuldig meirverdiavgift	-37 030	-37 030	0
Anna kortsiktig gjeld	-1 736 893	-1 736 893	0
<b>Sum</b>	<b>-193 994</b>	<b>-1 719 229</b>	<b>1 525 235</b>



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf. 57 82 80 00

[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

[lottstift.no](http://lottstift.no)

